



Hildegunn Veseth
Osterøyvegen 357
5286 HAUS

Saksbehandlar
Terje Øvrebø

Osterøy kommune - gnr. 50 bnr. 1 m. fl.

Vi viser til ditt brev av 01.04.2023. Der opplyser du mellom anna at i følge kommunen er ein råderettsklausul i eit skøyte frå Staten frå 1963 til hinder for ei samanslåing av fleire bruksnummer under gnr. 50.

Av det tilsende skøytet, som er tinglyst 31.12.1963, går det fram at klausulen er heimla i kapittel XII i jordlova av 1955. Dette kapittelet vart oppheva ved lov av 11.05.1984. Av dei dågjeldande reglane gjekk det dessutan fram at avgrensingane i eigaren sin råderett gjaldt i 20 år, og ikkje lenger.

Klausulen er såleis utan rettsverknader, og den er difor ikkje til hinder for ei eventuell samanslåing.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Terje Øvrebø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Osterøy kommune
Teknisk forvaltning

Postboks 1

5293

LONEVÅG